

Framlegg til årsmelding Myrkdalen Grendalag 2013

Styret har vore:

Gudmund Furu (leiar) (på val)

Asbjørn Tveite (kasserar) (på val)

Arne Bystøl

Sigrid Skjervheim

Anne Lise Ulvund (på val)

Vara: Lars O. Sausjord og Kristian Backer (begge på val)

Valnemnd: John I. Nordheim (på val) og Bjørn Atle Nesheim

Aktivitetar:

Styremøte 4 stk: 8/9 – 19/9 – 2/10 - 19/3

Merking av Vikafjellruta: Leiar har vore med på nokre møte i Vik om prosjektet. Traseen går frå sentrum i Vik og kjem inn i «vårt område» ved fylkesgrensa, vidare gjennom Sendedalen/Grøndalen til Torvedalen og heilt til Voss. Vardegrupper i Voss Utferdslag har stått for merking, Gudmund har vore med nokre dagar. Det står att å merka «ein avstikkar» over Finnbunuten til Myrkdalen og setja opp nokre info-tavler. Utferdslaget i Vik har teke initiativ til prosjektet.

Myrkdalsmarsjen 29/9: Ruta var skulen – Tveite t/r. Berre 17 stk tok del!

Myrkdalen skule/barnehage: Det er sørgjeleg å sjå korleis det ser ut der no. Barnehagen har flytta ut utan at det er rydda opp. Leiar har hatt samtale med ordførar (også sendt brev) og leiar for Bygg og Eigendom utan respons. Gudmund og Arne har gått gjennom bygget og registrert at mykje bør takast vare på av krinsen.

Trimkassane: Siste året hadde me plassert ut 7 stk trimkasser.

Besøkstala: Vetlegrungen 121 stk, Bjørndalskamben 119 stk, Bygdadalen 102 stk,

Hiurdi 85 stk, Torvedalen 76 stk, Øvste Ulvundsstølen 64 stk, Kaldavassvarden 49 stk.

Totalt 616 registreringar. 7 personar hadde vitja alle postane.

NM gjetarhund: Vart skipa til på Skjervheim 11 – 13. oktober i strålande ver. Grendalaget hadde saman med Bygdakvinnelaget teke på seg salg av mat. Arne Johan Dregelid var hyra inn som kokk. Tilskipinga gav omlag 24000 kr i netto til kvart lag. Det var fleire møte og synfaringar før tevlingane.

Avduking av minneplate ved Helgelandsteinen: Voss Spelmannslag tok kontakt om å vera med på å setja opp ei info-tavle. Dette vart eit spleiselag mellom Voss Fjellandsby, Destinasjon Voss, Myrkdalen Grendalag, Voss Spelmannslag, Kjell Lirhus og Øystein Hirth. Avdukinga var 18. august på Sjur Helgeland sin gebursdag. Det står att å mura litt mot vest. Kommunen ville ikkje yta noko til dette, så Grendalaget og Spelmannslaget lyt spleisa .

Quiz: 3 stk omgangar også sist sesong. Burde vore fleire lag.

TV-aksjonen: Grendalaget stod for innsamlinga her også dette året.

Heimesida myrkdalen.org: Per Backer driv denne som før.

Kyrkjevegen Ulvund- Øvre Vinje: Grendalaget har ytt arbeid. Var opningstur i haust.